

# Between Sky & Sea VII: Flying Blind

## Mellom himmel & hav VII: Uvissas tilstand



6.3.2024

Uvissas tilstand/Flying Blind is a pluriperspective project, which wants to investigate the possibility for specific materialities', or peculiar places' immediate impact on us by way of something we might sense. Could we call those places «privilegerte punkt/priviled points»? Where one might sense the presence of something, of something «other». If this is the case – what implications might such «privileged points» in the landscape carry with them for the development of more-than-human communities? Could we envision collective experiences - in investigating processes, with a group of artists, or subsequently, together with a wider public – as something to break open for new ways of looking at our communities, from the local to a planetary level?

Uvissas tilstand/Flying Blind er eit fleirsidig prosjekt som utforskar om der er særskilde deler av materien; einskilde plassar som verkar direkte inn på oss gjennom noko vi sansar. Og om desse plassane kan kallast «privilegerte punkt». Der ein sansar at der er noko, noko anna. Om dette stemmer, kva for implikasjonar kan slike «privilegerte punkt» i landskapet ha for utviklinga av sosiale fellesskap? Kan vi sjå føre oss at slike kollektive opplevingar, i ein utforskande prosess med kunstnargruppa eller seinare i lag med publikum, kan opne opp nye måtar å sjå samfunna våre, frå det lokale til det planetariske?

These are the basic questions of our time and for this project. They are also fundamental questions for the given place on Nordøyane/Skuløya (Longva AiR in Øvsteveien 116, 6293 Longva) and the already started future of a growing development of artistic activity on Nordøyane – as a value on its own, as a practice with spreading consequences for the local environment, and as a node in an extended network of similar (rural) places in the Nordic countries.

For prosjektet er dette grunnspørsmål i tida vår. Det er også spørsmål knytta til den lokale plassen på Nordøyane/Skuløya (Longva kunstnerresidens in Øvsteveien 116, 6293 Longva) og den allereida starta framtida for utviklinga av kunstnarvirke på Nordøyane; som verd i seg sjølv, som verksemd med ringverknadar i nærmiljø og som eit ledd i eit større nettverk av liknande (rurale) stadar i Norden.

The main goals for Uvissas tilstand/Flying Blind are:

Hovudmål for Uvissas tilstand/Flying Blind:

- Providing a framework for artistic production, where artists are allowed to challenge our concepts of matter - in a wide range from minerals to organisms, from science to speculation – and the way we understand ourselves as a community, and who might be included in this conception.
- Strengthening the Nordic professional network for performance art.
- Developing a flexible model for (rural) art production in a network, which puts focus on sustainable ways of working.

- Å gje kunstnarar ei produksjonsramme der dei kan utfordre førestillingane våre om materie i spennet mellom mineral og organismar, vitskap og spekulasjon, og korleis vi forstår oss som fellesskap.
- Å styrkje det nordiske fagmiljøet for performancekunst.
- Å utvikle ein fleksibel modell for (rural) kunstproduksjon i nettverk der omsyn til berekraft og natur har høg verdi.

## **MAGIC AND SCIENCE**

### **MAGI OG VITSKAP**

Uvissas tilstand/Flying Blind takes its starting point from an original magical state in human being's relationship to material processes and experiences, and those beings' sense of embeddedness in an environment – with a still lasting impact on us today. The original magic unity takes shape as a relation between human and world, where the world is a totality without differentiation between the living and the non-living, between subject and object. In the magic state, the world is non-divided, and the human connects to the universe as a total environment.

I Uvissas tilstand/Flying Blind tek vi utgangspunkt i at der har vore ein opphavleg magisk fase i menneska sitt forhold til prosessar og ovringar i materie og omgivnader som framleis verkar i oss. Den opphavlege magiske einskapen er ein relasjon mellom menneske og verda, der verda er ein heilskap utan skilje mellom det levande og det ikkje-levande, subjekt og objekt. I den magiske fasen er verda udelt og mennesket kopla til universet i eit heilskapleg miljø.

Philosopher Gilbert Simondon mentions the modern human as socialized in an understanding of the world through science. Man regards himself superior to, and separate from nature, which throughout centuries has merely been rawmaterial for actions and transformations to implement human visions and goals. Science has made us «allmighty», and given us good, secure lives with respect to food, living space, education, health services, communication – just to point out some of the main traits.

Etter filosofen Gilbert Simondon er det moderne mennesket sosialisert inn i ei forståing av verda gjennom vitskapen; menneska ser seg som overordna og skilde frå ein natur som gjennom dei siste hundreåra har vore råstoff for handsaming og omskaping i vårt bilete til våre føremål. Vitskapen har gjort oss «allmechtige» og gitt oss gode, trygge liv med tanke på mat, husrom, utdanning, helsehjelp, kommunikasjon for å nemne nokre hovudtrekk.

Sociologist Max Weber is, among others, well known for the concept of «disenchantment». Disenchantment of the world has happened due to goal-oriented rationality. Traditions, religions, other ways of thinking and acting had to step aside for a rational worldview. Concepts of sacred places and objects were dismissed: the valley with an effervescent river has to give ground to a power station to provide us with electricity. Aesthetics and mysticism have little space in this utilitarian paradigm.

Sosiologen Max Weber er mellom anna kjent for omgrepet «avfortrylling». Avfortryllinga av verda slik han såg det, skjedde gjennom målrasjonalitet, der tradisjonar, religionar, tankemønster og handlemåtar måtte vike for det rasjonelle mennesket. Idear om heilage stadar og objekt vert skrota for det rasjonelle: ein dal med ei brusande elv må gi plass til kraftverk som gjev oss elektrisitet. Estetikk og mystikk har liten plass i denne samsfunnsordninga.

## **WONDER AS METHOD**

### **UNDRING SOM METODE**

Wonder in the encounter with an object or environment, get us to realise that terms and numbers can fathom not everything. Simple examples might be the smell of the sea a day in autumn, the sun's play in the leaves of a birch in spring, the sense of a smooth, rounded stone in your palm. To reach an open state of mind, your perspective

has to be complex, not linear, and senses and mind have to be receptive to other modalities of thought. Today, insights from other ways of knowing are given space anew.

Undring i møte med objekt eller med særmerkte ovringar i omgivnadene får oss til å kjenne at ikkje alt er festa til omgrep og tal. Banale døme kan vere lukta av havbrisen ein haustdag, sola sitt spel i lauvet til vårbjørka, kjensla av ein rund stein i handa. For å kome inn i ein slik open modus må blikket vere komplekst, ikkje lineært, og sansar og sinn vere opne for andre tankesystem. Innsikter frå andre kunnskapssystem er på veg attende.

Evolution happens by processes of transformation in complex systems, where feedback loops, unruly events, tensions and collapse organize a totality over and over again. Climate, data technology, social structures, and ecologies are examples for this.

Evolusjon skjer ved transformasjonsprosessar i komplekse system, der sirkulære koplingar, uregjerlege hendingar, spenningar og kollaps organiserer heilskapen på nytt og på nytt. Klima, datateknologi, samfunnsstrukturar og økologiar er døme på dette.

Rituals have as long as we know offered reconciliation and strength in encounter with the unknown. They facilitate contact with what we can't grasp rationally. To invite an audience to places we experience as a peculiar area, or element, in the landscape, to invite them to touch, to sense, to apply corporeal and sensuous approaches – could this bring to the fore a potential of these places, as co-creators of new communities? Can artists we have invited to the project, develop situations, where body and materiality create contact zones, or passages, between past and future?

Ritual har så lenge vi veit forsona oss og styrka oss i møte med det ukjente. Dei hjelper oss med å komme i kontakt med det vi rasjonelt ikkje kan gripe. Kan det å ta med folk til det vi opplever som særmerkte landskaps-element, la dei kjenne på, bruke kroppslege og sanslege metodar framheve stadane som medskaparar av nye fellesskap? Kan kunstnarane vi har bede inn i prosjektet utvikle situasjonar der kroppen og den lokale materialiteten skapar kontaktflater eller overgangar mellom fortid og framtid?

## **NORDØYANE'S POSITION IN THE CONCEPT**

### **NORDØYANE SIN Plass I KONSEPTET**

We approach Nordøyane's geographical position as an interface between the known and the unknown. Past events on the islands have guided and inspired us in the framing of the artists' work on site. We want to mention here two examples of «privileged points» we would like to introduce the group of artists to – those two localities are remarkable due to specific spatial, temporal and social aspects:

Den geografiske beliggenheten til Nordøyane vel vi å sjå som eit grensesnitt mellom det vi veit – og det vi ikkje veit. Fortidige hendingar på øyane har guida og inspirert oss i utvikling av ramma for kunstnarane sitt arbeide på staden. Vi nemner her to "privilegerte punkt" som gruppa vert introdusert for. Dei to plassane har både romlege, temporale og sosiale aspekt ved seg:

The rock on the Northwestern part of Ullaholmen. The rock is currently in a relatively stabile and petrified condition. Its strange visual appearance reminds us of the powers, which have forced the rock into gigantic folds with enormous pressure and temperature, millions of years ago. We look straight into a manifestation of deep time, where traces behind movements of matter are accessible to anyone. Our own temporality turns almost ineffable in light of this sense of eternity. Have we, however, finally become capable of significantly disrupting these prolonged, geological processes, which remnants of the former huge mountainranges are witness of? Might the encounter with this locality have political implications?

Berggrunnen på nordvestsida av Ullaholmen. Denne er no i ein relativt stabil og forsteina tilstand, som med sin framande visuelle framtoning gjev ei sterk påminning om krefter som har valda ultrahøgt trykk og temperatur og mektige faldingar for millionar av år sidan. Vi ser rett inn i ein manifestasjon av djup tid der spor etter materiens

rørsele er tilgjengeleg for alle. I denne æva blir vår eigen temporalitet nesten unemneleg. Er vi likevel no blitt i stand til å gripe avgjerande inn i dei lange svingingane og kreftene som restane etter den mektige fjellrekka er vitne om? Kan møtet med denne lokaliteten ha politiske implikasjonar?

Grønholen forms a small hill at Fjørtoftneset. It distinguishes itself from its surroundings through specific rock formations and vegetation. The arrangement has a strong archaic appearance, and forms an alien place with grass- and junipervegetation in the bogland. The hill offers an extended view over this bogland and the sea behind. To the West one can get a glimpse of burial mounds from the Bronze age. These mounds might hint at this locality's significance as a «privileged point». Might an encounter with this site have consequences for the formation of communities? Just for the time of two weeks we share at Nordøyane, or even, maybe, in a longer and wider perspective?

Grønholen er ein haug i Fjørtoftneset. Haugen skil seg ut frå omgivnadene både med karakteristisk berggrunn og vegetasjon. Formasjonen har eit sterkt arkaisk preg og verkar med gras- og einervegetasjon som eit markert framandelement i myrlandskapet rundt. Frå haugen er det vidt utsyn over myrane og havet og mot vest ligg det gravrøysar frå bronsealderen. Gravrøysene kan hint om at dette er eit «privilegert punkt». Kan møtet med plassen ha konsekvensar for danninga av fellesskapet dei to vekene vi er saman på Nordøyane, og kanskje i lengre tidsperspektiv?

## **THE BACKGROUND OF BETWEEN SKY & SEA** **BAKGRUNN FOR MELLOM HIMMEL OG HAV**

Today performance is an art form that has a central and self-evident place in contemporary art. This has not always been the case. The difficulty of defining performance art for a wider public might be one reason: Placed next to the classical art genres of painting and sculpture, one clearly sees the interdisciplinary, the unexpected, the fluidity that characterizes the performance field. This is what makes it interesting and vivid to both artists and the public.

Performance er ei kunstform som i dag har ein sentral og sjølvstøtt plass i samtidskunsten. Slik har det ikkje alltid vore. En årsak kan være at begrepet er ikke lett å gripe for en videre offentlighet. Stilt ved sida av dei klassiske kunstgenrane maleri og skulptur, ser ein tydeleg det tverrfaglege, det uventa, det flytande som pregar performance-feltet og gjer det interessant og levande både for kunstnarar og publikum.

Performance Art Bergen (PAB) is a member organization of artist practitioners, founded in Bergen in 2011. PAB is the owner of the performance festival "Mellom himmel & hav/ Between Sky & Sea", which for the first time was arranged in 2005 . Outdoor performances have been prioritized - urban spaces, cultural and natural landscapes are part of the commons where people are present and where art should occupy a democratic space.

Performance Art Bergen (PAB) er en medlemsorganisasjon av praktiserende kunstnere, grunnlagt i 2011 i Bergen. PAB er eigaren av performance festivalen «Mellom himmel & hav/ Between Sky & Sea» som ble arrangert for første gong i 2005. Performance i uterommet ha vore prioritert - byrom, kulturlandskap og naturlandskap er del av ålmenta der folk ferdas og kunsten skal ta sin demokratiske plass.

Between Sky & Sea have been important art events where they took place until now: on the islands of Lygra, Herdla, Vestvågøy and Longva - all on the Westcoast of Norway. The format has been developed and established both regionally, nationally and internationally. In 2025 it will celebrate its 20 years anniversary. In this way, Between Sky & Sea has been an important catalyst for organizational development, network building and now also become a tool for an artist residency's development .

Mellom himmel & hav har vore viktige kunsthendingar der dei til no har funne stad: på øyane Lygra, Herdla, Vestvågøy og Longva. Formatet har utvikla og festa seg både regionalt, nasjonalt og internasjonalt og feirar i 2025 20 år. Slik har Mellom himmel & hav vore ein viktig katalysator for organisasjonsutvikling, nettverksbyg-

ging og no og blitt et verktøy for utvikling av en kunstnerresidens.

Longva AiR came out of artist Terese Longva's decision to establish her professional practice in her home village, after 20 years of international education and activity in urban areas. Longva AiR was officially founded by a small group of artists and locals in 2020. Trained as a glass artist, Terese Longva combines materialbased techniques with performance and video, often related to landscapes and involving people from the local communities. She is also teaching at the art school Ytre in Ålesund, among others offering a course titled Time, place, memory. For this, she takes students to the landscape of Nordøyane to work artistically.

Longva kunstnarresidens spring ut av kunstnar Terese Longva sitt ynskje om å etablere næringa si i bygda ho kjem frå etter å ha studert og arbeida i utlandet og urbane strok i meir enn 20 år.

Ho har bakgrunn som glaskunstnar, og kombinerar materialbaserte tekniker med performance og video, ofte i forhold til landskap og med folk på Nordøyane. Ho er tilknytt kunstfagskulen Ytre i Ålesund som lærar. Der har ho bl.a. utvikla kurset Tid, stad, minne der studentane jobbar ute i landskap på Nordøyane kvar haust.

more information here/mer informasjon her:

[www.performanceartbergen.no](http://www.performanceartbergen.no)

[www.betweenkyandsea.com](http://www.betweenkyandsea.com)

[www.nordoyane.no](http://www.nordoyane.no)

On behalf of Performance Art Bergen and Longva AiR  
Terese Longva, Sabine Popp and Rita Marhaug  
curators and organizers